

Innleiing:

LEVANDE TRU

Nærbø kyrkjelyd er ein aktiv kyrkjelyd, der ein dyktig stab og trufaste frivillige driv eit variert aktivitetstilbod for oss som bur på Nærbø. Gjennom denne strategien vil vi vise breidda i tilbodet vårt, og peike på moglegheiter og utfordringar vi ser i nåverande arbeid for å realisere visjonen – Levande tru!

Prioritert område:

FRIVILLIGE / FRIVILLIG TENESTE

Mål:

- Engasjere fleire til å ta del i det frivillige arbeidet i kyrkja, og på den måten gi fleire eigarskap til kyrkjelyden vår. Frivillige skal kjenne at dei blir verdsette for jobben dei utfører og at dei er ei viktig brikke i arbeidet for kyrkjelyden. Aldersgruppa 20 – 50 år skal ha særskild fokus.

TILTAK:

- Frimodig invitere nye med i aktivitetane og gi dei oppgåver dei passar til og ønskjer å utføre.
- Opprette gode kommunikasjonslinjer og gjennomføre leiarsamlingar for grupper det er aktuelt for.
- Frivillige må til ei kvar tid rekrutterast, bli ivaretekne og få tydelege og avgrensa oppgåver. Lister over frivillige må til ei kvar tid vere oppdaterte.

Andre område:

GUDSTENESTA

Mål:

- Samle kyrkjelyden om Guds ord, bønn og sakramenta. Det skal vere variasjon, samtidig som ein skal kunne kjenne igjen dei liturgiske elementa mellom gudstenestene.

TILTAK:

- Arbeide med å fornye gudstenestene.

MISJON

Mål: Vere ein misjonerande kyrkjelyd lokalt og globalt.

TILTAK

- Å ta initiativ til aktivitetar og informasjon som kan fremje engasjementet for og kunnskapen om misjon, misjonsavtalane og misjonærar med tilknytning til kyrkjelyden.
- Vere merksame på nye i kyrkjelyden og inkludere dei i gudsteneste – og smågruppefellesskapet.

TRUSOPPLÆRING

Mål: Barn og unge skal bli kjende med Gud, Jesus og Den Heilage Ande og bli kjende med Guds ord. Dei skal kjenne seg heime i kyrkja og vere ein del av fellesskapet.

TILTAK:

- Fornye og vidareutvikle trusopplæringsplanen.
- Gjennomføre og oppretthalde gode tiltak, som gjer at barn og unge finn sin naturlege plass i kyrkjelyden.

SØNDAGSSKULEN

Mål: Barna skal få gode opplevingar i møte med kyrkja og bli kjende med Jesus.

TILTAK:

- Søndagsskulen skal ha ein sentral plass i kyrkja sitt arbeid.

DIAKONI:

Mål: Gjennom evangeliet og levande tru skal vi vise nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kjempe for rettferd.

TILTAK:

- Gjennomføre tiltaka i vedteken diakoniplan.

UNGDOMSARBEIDET

Mål: Tilby eit positivt og trygt samlingspunkt for ungdom der dei kan bli bevisste i trua si.

TILTAK:

- Hjelp ungdom i deira daglege kristenliv.
- Skape eit slitesterkt ungdomsarbeid med både breidde og djupne i seg, og vere ein stad der ungdom under trygge forhold kan møte personar dei kan ha fortrulege samtalar med.
- Rekruttere og følgje opp ungdom og unge vaksne, og skape grobotn for leiarutvikling.
- Utføre tilhøyrande punkt i trusopplæringsplanen.

KYRKJA PÅ NETT

Mål: Gi eit digitalt tilbod for dei som av ulike årsaker ikkje kan, vil eller maktar å komma fysisk til gudstenestene i kyrkja og i tillegg ha eit tilbod til heile kyrkjelyden utover gudstenesteoverføringane.

TILTAK:

- Satse vidare på det digitale gudstenestetilbodet, med sendingar så ofte som det lar seg gjere.
- Vidareutvikle dei digitale gudstenestene så sjåaren i stadig større grad kjenner seg som ein aktiv del av det kyrkjelege fellesskapet.
- Utvikle eit digitalt tilbod utover gudstenestene, som heile kyrkjelyden kan ha glede og nytte av.
- Satse på NK-media som ein viktig rekrutteringsarena for frivillig teneste for ungdom.

KOMMUNIKASJON

Mål: Gjere informasjon om alt som skjer i kyrkja kjend, både for dei som går ofte i kyrkja og til breidda av folkekyrkja.

TILTAK:

- Bruke informasjonskanalar, både tradisjonelle og nye, bevisst og konsekvent, i samsvar med kommunikasjonsplanen, til å gjere kyrkjelyden kjend med alt arbeid som går føre seg.
- Ha gode, tenlege heimesider som fungerer som ein hovudkanal for all informasjon, og som speglar kyrkja vår på ein god måte, både gjennom innhald og det visuelle uttrykket.
- Lage tydelege informasjonslinjer mellom kyrkjelyd, frivillige og stab og slik sikre god kommunikasjon mellom ledda.
- Bruke kyrkjelydsbladet som informasjonskanal om enkeltarrangement og faste tiltak, både reportasjar om det som har vore og informasjon om komande hendingar, samt gi glimt frå misjonsprosjekta våre.

INKLUDERANDE FELLESSKAP

Mål: Nærbo kyrkjelyd skal vere eit fellesskap der alle kan føle seg heime og inkluderte.

TILTAK:

- Vere budde på å møte eit stadig meir fleirkulturelt samfunn.
- Ha ulike typar aktivitetstilbod for alle aldrar.
- Ha fokus på korleis ein kan inkludere aldersgruppa 16-35 i nåverande arbeid, og sjå på moglegheiter for å opprette konkrete aktivitetstilbod for denne målgruppa.

KULTUR OG MUSIKKLIV

Mål: Bidra til eit rikare gudstenesteliv og bli meir kjende med kultur, song- og salmeskatten knytt til kyrkja.

TILTAK:

- Utarbeide plan for kultur og kyrkjemusikk og utnemne eit kulturutval.
- Opne opp for andre kulturelle uttryksformer.
- Samle kunnskap om kyrkja sin bildekunst.

GIVARTENESTE

Mål: Bidra til å finansiere utvida stabsfunksjonar og tiltak.

TILTAK:

- Synleggjere og bevisstgjere givarteneste for kyrkjelyden.
- Informere om kva innsamla pengar går til og om framdrifta av tiltaka.